

1/2013

NOTAT

Beate Moltubakk Ørstavik

MAGDALENE THORESEN OG SUNNMØRE.

Forfatter blant embetsmenn og bønder

Forfattar	Beate Moltubakk Ørstavik
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/notat

Notatet er ein del av prosjektet «Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder», eit strategisk høgskuleprosjekt frå Høgskulen i Volda, Historisk institutt og Institutt for religion, livssyn og kristendom.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manusset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Innleiing

Fokus i denne artikkelen er kulturmøtet mellom bondeallmugen og eliten på Sunnmøre, sett frå Magdalene Thoresens bok *Billeder fra Vestkysten af Norge*, som kom ut i 1872.

Magdalene Thoresen (1819-1903) budde i Herøy frå 1842 til 1844. Ho kom attende dit i 1871 for å gjere grunnlagsarbeid for boka som skulle vere hennar ”livsbilleder”.

Gjennom livet gjorde Magdalene det vi kan kalle ei «klassereise». Ho kom frå fattige kår i Danmark og reiste til Herøy som guvernante for prost Hans Conrad Thoresen sine born. I 1843 vart ho gift med prosten. Ho blei då til ein viss grad inkludert i embetseliten. For å kunne forklare Magdalenes tolking av bondestand og embetsstand vil oppveksten og klassereisa hennar vere viktig som eit bakteppe.

Problemstilling

Problemstillingane mine er: Kva syn på bondeallmugen gir Magdalene til kjenne i *Billeder*? Kva syn kjem fram om embetsmenn, og korleis er møtet mellom desse to stendene: bonde- og embetsstand? Kva er ståstaden til Magdalene; er ho ein framand mellom desse stendene eller kjenner ho seg som del av dei: bonde eller embetseliten? I tillegg til dette vil eg stille spørsmål om kva målsetjing Magdalene eigentleg hadde med boka, og kvifor ho eventuelt måtte gjere kompromiss.

Eg vil nytte Bourdieus omgrep om kapital og sosial mobilitet som analysebakgrunn til ei forklaring på korleis Magdalene kunne gjere denne klassereisa, og korleis dette pregar synet hennar.

Eg skal først skrive litt om Magdalene sin barndom og oppvekst for å kunne greie ut om korleis dette har påverka synet hennar på møtet mellom stendene. Deretter vil eg gi eit innblikk i Magdalenes forhold til Sunnmøre og kva ho ville med boka. Vidare vil eg gi døme på kva Magdalene skriv om dei ulike stendene: bonde- og embetsstand og møtet mellom dei. Avslutningsvis vil eg gjere ei oppsummering/ konklusjon som relaterer seg direkte til problemstillingane.

Magdalenes familiebakgrunn

Barndom

”Jeg havde arvet min Faders Natur og lignede ham meget. Jeg havde hans Tungsind og tillige hans Evne til at flamme op i Glæde. Jeg havde hans Lidenskab og hans Frihedstrang. Jeg saa`

med Foragt paa Tidens Kastevæsen ligesom han, thi uagtet han var en fattig Mand, var han dog stolt – det var, som det laa ham i Blodet. Den Bondeslægt, hvoraf han var udgaaet, nedstammede nemlig fra en gammel jydsk Adelslægt”.¹

I Magdalenes egne ord ligg kjelda til oppdrifta hennar frå barnsbein av, og kan forklare noko om korleis ho fekk kraft til å gjere denne klassereisa, frå bondeallmuge til embetsstand. Rettare sagt var dette ei klassereise frå eit fattig småborgarskap (med bonde- og adelsblod i årane) til ei tilhøyrsløse til embetsstanden, men kanskje det er rettare å seie til ei frigjering frå stendene til eit kunstnarskap. Eg vil utdjupe dette.

Anne Magdalene Kragh, seinare Magdalene Thoresen, vart fødd 3. juni 1819 i Fredericia på austkanten av Jylland ved Lillebelt. Faren var frakteskipper og skipstømmermann, mora dreiv ei bevertning for sjøfolk. Magdalene budde hjå farmora til konfirmasjonsalderen. Då døde farmora, og Magdalene flytta attende til foreldra. Magdalene hadde fire sysken: to brødre og to systre. Grunnen til at Magdalene budde hjå farmora var truleg at foreldra var fattige og hadde fleire munnar å mette, dessutan var Magdalene svært vill som barn. Farmora var den som best kunne forstå seg på henne, og dei to fantaserte i lag om alt det vidunderlege som skulle skje.

Magdalene viste tidleg eit kunstnarisk talent. Ho skreiv dikt med kritt på bordet som dei losjerande kunne lese om morgonen. Ho regisserte skodespel som syskena framførte på stranda. Samtidige som Georg Brandes, Clara Bergsøe og pastor Laurits Prip vitnar om dette. Magdalene var glad i å lese, ho lånte bøker frå eit hernuttisk bibliotek i nærleiken og lærte på denne måten tysk. Familien hadde eit rom bak bevertningsrommet der systrene sysla med sysaker. Mora ville at Magdalene skulle bli modehandlarske. Magdalene sat med bøkene under sysakene, ho fekk systrene til å sy for seg i byte for at ho skreiv dikt til dei. Hjå farmora fekk Magdalene ein kunstnarleg fridom, hjå mora blei ein først til noko om ein var ordentleg, flittig og nøysam, seier ho sjølv i biografien sin. – ”og jeg var ingen af Delene. Dermed brast min Barndoms koglende Drøm.” Samstundes var dette hennar lukke, skriv ho vidare: ho måtte skjule sine fantasier, dei vaks difor i det skjulte og fekk fastare former.

Fredericia var ein fristat for asylantar, eit multikulturelt samfunn med ulike trussamfunn. Byen var grunnlagt som ein garnisonby, for å verje København mot inntog. Levevegar var landbruk og tobakksdyrking, byen hadde handverkarar og gjestgiveri. Ein fabrikant Heegaard som kom til byen, tok Magdalene under sine vengar, og sytte for at ho kom seg til København for å studere til lærarinne ved *Mademoiselle Lindes Pension og Institut for unge Piger*. Der var ho i to og eit halvt år frå 1839 til 1842. Ho gjekk ut av skulen som beste elev. Men ho var ikkje god nok for byfolket, fordi kunnskap ikkje var tilstrekkeleg, bakgrunnen let seg ikkje skjule: ”Man vendte mig Ryggen, man negtede sig Hjemme”². Her er det litt uklart om det avgjerande var familiebakgrunnen eller eit rykte om henne som hadde spreidd seg frå Fredericia til København. Det som er skildnaden på Magdalene og dei finare kvinnene av embetslekt er at desse frå barnsbein hadde ein status som gjorde det mogleg for dei å ytre

¹ Thoresen 1899:605

² Aasen 1994:16

seg. Det å vere gift gav ein status i seg sjølv, det var denne Magdalene redda seg på. På haustparten 1842 reiste ho til Norge og Herøy som guvernante for prost Thoresens fem born frå andre ekteskap. Ho måtte bort, og ho hadde valet mellom Vest Indien og Norge og ”Valgte Gud ske Lov det sidste”, seier ho.³ Magdalene gifta seg med prost Thoresen året etter, og i 1844 reiste dei til Bergen, då prosten hadde fått embete i Korskirken der. I 1858 blei ho enkje. Ho drog attende til København 1861 og fekk sitt litterære gjennombrot der. Magdalene ville gjerne vere norsk forfattar og reiste til Norge igjen i 1866. Då ho fekk avslag på alle stipendsøknader, vart skuffelsen for stor å bære: ”i den Luft kunne jeg ikke leve”, skreiv ho seinare. Ho drog til København att i 1869, og budde der resten av livet, avbrutt av reiser både til Norge og utlandet.

Den norske forfattaren Clara Tschudi referer til samtalar med Magdalene i *Silhuetter*. Her kjem det tydeleg fram at Magdalene ikke er nøgd med dei store ulikskapane mellom allmugen/ bøndene og eliten i samfunnet: ”Ønsket om at bryde sin Stand. Ikke saa at hun ringeaktede den. Men hun hadede den Standsforskjæl, der i hine Tider stillede en høi Skillemur mellem Adelen og Rigfolket paa den ene, Almuen og Bønderne paa den anden Side. I Kraft af det Talent hun følte sig i Besiddelse af, ønskede hun at bryde Skranken”.⁴

Ukonvensjonell og nyskapande

Magdalene Thoresen har fått ein renessanse i dag. Ho var nærast gløymd i mange år, så vidt kjend som Ibsens stesvigeremor. Magdalene var ukonvensjonell og nyskapande. Ho var den første kvinne i Norden som las offentleg frå sine eigne skrifter. Ho heldt si første offentlege opplesing den 21. desember 1867. Dette skjedde i Norge, då ho framførte utanboks frå ”Havkanten”. Ho var med å stifte Det Norske Teater i Bergen i 1850, og skreiv fleire skodespel for scena. Bjørnson gav ut hennar første diktsamling *Digte af en Dame* i 1860. Han omtalar henne som ”det mest begavede fruentimmer jeg noen gang har kjent”. Diktsamlinga er i dag rekna for å vere av våre første moderne verk på poesien sitt område. Kvinner hadde dikta før, men ikkje sekulært som Magdalene om sorg og erotisk sagn. Georg Brandes, som var ein nær venn av Magdalene på 1860-talet, omtalar henne som ”en fin næsten genial Sjælekender, der stundom overraskede ved de træffende Ting, hun sagde og forbavsede ved sit rigtige Skøn i vanskelige, psykologiske Tilfælde”.⁵

Ho skreiv over 25 romanar, forteljingar og diktsamlingar. Magdalene var forfattar, mor og eineforsørgjar i mange år, då ho blei tidleg enkje. Magdalene førte ein vedvarande kamp for kunsten og føda gjennom heile sitt vaksne liv. Nettverket hennar bidrog til at ho kunne dra på dannelsereiser til Italia, Frankrike og Tyskland. Det at ho var kvinne og av dansk småborgarskap, gjorde sitt til at ho fekk avslag på alle stipendsøknadar. Ho ville så gjerne vere norsk forfattar. At ho var danskfødd og gift i Norge, blei ein hemsko; i Danmark vart ho rekna som norsk forfattar og i Norge som dansk forfattar. Dette gjorde henne til ein framand i begge landa, og var sannsynlegvis medverkande til avslaga om stipend. I eldre år, etter å ha

³ Thoresen 1899:606

⁴ Tschudi 1898:4

⁵ Aasen 1994:28

verka som forfattar eit heilt liv og med eit stort lesande publikum, vart ho heidra med Kongens fortjenestemedalje i gull frå både Danmark og Norge/Sverige. At Magdalene sjølv kjende seg som ein framand, at ho ikkje makta å skildre norsk natur som ein norsk forfattar, kjem fram av noko ho skreiv til sin 80 års dag: ”som de riktige norske Forfattere (. . .) jeg måtte bestandig blive en Fremmed, og som en Fremmed betraktede man mig ogsaa”.⁶

Bondeallmuge eller embetsstand?

Vi ser at Magdalene skil mellom adel/ rikfolk på eine sida og allmuge/bonde på den andre. Då familien er fattige, og faren kjem frå bondeslekt, reknar ho seg sjølv tilhøyrande bondeallmugen. At dei var av adelslekt, ”derom taltes ikke i mit Hjem”, seier ho. Det kan vere mange grunnar til det. Faren var stolt og etter sigende førte han seg som ein storkar. Etter mitt syn høyrte familien Kragh til i småborgarskapet, fordi faren, som er sjømann og frakteskipper med eige farty, var sjølvstendig næringsdrivande. Dei dreiv òg eit vertshus med losji for fiskarar og omreisande. Av Magdalenes sjølvbiografi kjem det fram at ho har ein viss ambivalens når det gjeld standskjensle. Ho skriv: ”Jeg var jo ringe af Stand og havde verken til det ene eller det andet, hvor skulde jeg hen? Dog da min Higen omsider begynte at tage fast Form i Sjælen, stod det urokkelig sikkert, at jeg vilde skifte Stand.” Samstundes gjer ho eit poeng av at bondeslekta som faren kom frå, var ei gamal adelslekt. Med inntektene til faren gjekk det opp og ned, skriv ho. Det var tyngst vinterstid når isen låg over beltet og lukka for overfart. At dei ikkje kom seg opp økonomisk, kan hende skriv seg frå at faren fekk hang til flaska etter å ha losa ein båt på grunn, og difor mista losbevillinga. Han drukna seinare (1846) under dramatiske omstende. I Clara Bergsøes portrett av Magdalene skriv ho at den første åndelege rørsle som nådde Magdalene, var ”Folkelighedens Ide”, og at den kveikte henne med begeistring. Der var allereie under Frederik den 6. ei fridomsrørsle som bølga gjennom landet. I vertshuset fekk Magdalene høyre eventyr frå framande land, men også om politiske omveltingar og kamp for fridom og likskap. Det var diskusjonar som den dyktige faren leia.⁷

Ein kan seie at Magdalene kom frå ein heim med ein viss sosial og kulturell kapital, men mangla økonomisk kapital. Røtene frå gamal adelslekt gav dei sannsynlegvis ei viss form for symbolsk kapital. Slektsarven frå faren kunne gjere at ho likevel også identifiserte seg med adelsstanden, og dermed verke som stimulans for å klatre sosialt og realisere seg sjølv som kunstnar. Ho viste tidleg eit kunstnartalent, og hennar utgangspunkt/ disposisjonar til handling var gode; ho hadde styrke til å gå sine eigne vegar ved å dikte, lese og regissere skodespel.

Som vaksen kvinne viste Magdalene at ho hadde handlekraft og mogenheit til å trosse vanskar som dårleg økonomi, enkestand og det at ho var kvinne i eit mannssamfunn. Ho hadde funne våpenet: diktinga, og dette førde henne stadig vidare på vegen til erkjenning, både sjeleleg og i det at ho blei kjend og akta som forfattar: ”Gud havde altsaa givet mig et velsignet Vaaben til at fælde Fjenden med – Ormen, som i min Fantasi bestandig havde forfulgt mig! Men saa var jeg ogsaa frelst!”⁸. Det synest som om dette hevar henne over tanken på sin eigen stand. Men ho kjempa ”som ein mann” i samtida, og skreiv brev for å få ein kjennskapskrins som

⁶ Anker, Øyvind 1969

⁷ Bergsøe 1904:16

⁸ Thoresen 1899:606

kunne få henne fram. Korrespondansen hennar var vid og omfatta familie, vener, kunstnarar, forleggarar, bokhandlar, juristar. Eller sagt med andre ord: Ho var av den kunstnarlege eliten på denne tida, og det var naturleg at ho ville omgåast med likesinna som ho kunne dele tankar og kjensler med, men ho måtte også sørge for å få utgjeve sine verk i konkurranse med mange.

Magdalene meinte at dei som hadde gode evner skulle bli i den standen der dei var fødde, og såleis arbeide standen oppover. ”Når Hver passer sin Stand er han dannet nok”.⁹ Ho var slik ingen ven av *Bondestudentar*. Ho seier at i Norden er der ein stigande tendens hjå ungdomen til å søkje bort frå det tyngre næringsvirke til ein kultur som gjer livet behageleg og gir ein viss forrang, men dermed taper samfunnet si likevekt. Vidare skriv ho:”- et Folk har ikke Raad til at paatrykke saamange Individder det højere Livs Stempel. I en saadan Periode udvikles desuden en hel Del af den lettere Kultur som ved en ren Udvorteshed hæver sig over Massen... Denne Race er det værst at faa Bugt med; thi medens Kundskaben vedbliver at være en Kraft, selv om den tæller med i Overproduktionen, er den halvkultiverede oftest en Svaghed, der trækker fra”¹⁰.

Magdalene ønskte kunnskap og utdanning for folket, men ho er deterministisk: som barn har ein fått eit borgarbrev i fødselsgåve, og dette skal forvaltast på best mogleg måte der ein kjem frå. Ein dreg ut for å få danning, kjem deretter attende for å danne omgjevnadane, bruke det ein har lært til nytte for framsteget. Dette kan synast som ei motsetning til det å ”endre stand”, og er gjerne eit standpunkt som har vakse fram i henne gjennom åra. Sitatet over er frå hennar eldre dagar. Men det kan òg tyde at det ho meinte å seie var at utdanning hevar både innsikt og status, og at det difor vil vere rett å dra attende til heimstaden etter endt utdanning, for å betre forholda der ein kjem frå og kjenner så godt. I boka *Studenten* (1863), som ho skreiv tidleg i forfattarskapet, fyl vi bondesonen Brune som reiser til byen for å studere, og som går under der. Dette er harde realitetar ho kjenner til frå verkelegheita.

Kanskje kan ein seie at Magdalene var trufast både mot si standskjensle (bonde/ adel), og sin røynelege klasse (småborgarskapet). Ho har sterk kjensle for båe. Det kan ein sjå av måten ho skriv om bonde og embetsmenn i *Billeder*. Ho nyttar sine erfaringar til ein analyse av dei på både vondt og godt. Når ho blei eldre og ikkje hadde pengesorger lenger, viste ho i gjerning ei samkjensle med dei fattige. Ho var nøysam, kyssa brødet, som mora hadde gjort, før ho åt det, og var tilfreds med det tarvelegaste; gjekk tarveleg men nobelt kledd. Nøysam, men ikkje når det galdt blomster, kjærleik og poesi, som ho seier til Nicolaj Bøgh. Ho gav bort det ho hadde til dei som trong det meir. Men ho var meir enn det: ”Hun var ingen Gentagelse af det engang Kendte, hun var sig selv fuldt ud og netop derfor noget Nyt”.¹¹ Ho var forfattar og livskunstnar.

Ein kan seie at Magdalene var ”sig selv bekendt”, som var mottoet hennar, ho var trufast mot sine ideal, og forfattarskapen var våpenet som gav henne tilhøyrse utover klasse og stand.

⁹ Nic. Bøgh op.cit. s. 193

¹⁰ *Modne Frugter*, Kbh 1887

¹¹ Nic. Bøgh op.cit. s. 245, 257

Forfatterskapet var hennar borgarbrev frå fødsel, og dette borgarbrevet skjøtta ho som best ho kunne til fordel for det ho kjempa for. Dette kan vere ein av grunnane til at Magdalene kunne distansere seg frå både bonden og embetsmannen og slik sett sjå dei gode og dei mindre gode sidene hjå begge.

Georg Brandes omtalar hennar skildringar om bonden som autentiske i sitt slag. Han seier at som barn av allmugen har Magdalene hatt det sjeldne innsynet i bondens sjel og den djupe sympatien med bondens strev, som er ein avgjerande føresetnad for å framstille bondens liv på ein måte som er noko heilt anna enn det reint etnografiske. Som forfattarinne tilhøyrer fru Thoresen med språk, karakter og kunstnarleg strev Noreg, seier Brandes. Ho er fødd dansk, av allmugen, men som Magdalene sjølv seier: ”spør ikke om, hvor talentet fødtes uden for at see Stjernen som Guds Finger tegnede over Døren og som blinket lige klart over Slottet og over Hytten”.¹²

Vi ser her at Georg Brandes, som sjølv er fødd i ei jødisk grossistfamilie og derved i borgarstanden, reknar bønder og allmuge som same stand. Han reknar Magdalene i bondestanden, og identifiserer henne som ei med innsyn i bondesjela. Men familien i Fredericia var i røynda småborgarar. Kragereden, som familiehuset vart kalla, låg heilt nede ved hamna, og var losji og bevertning for sjøfolk og reisande. Sjølvsagt kan dette ha påverka Magdalene til å få innsyn i ulike folkesjeler, dermed òg bønder.

Magdalene hevda at ho, som alle diktarar der var noko med, var ei blanding av realist og romantiker. ”Der er i romantikken en underlig barnetanke, som tror på Gud”. Om den altfor realistiske dikting seier ho: ”hvad der ikke er Aand i dræber sig selv”.¹³ Av dette kan vi rekne med at ho også i *Billeder*, som vert gjennomgått i det følgjande, tek seg kunstnarleg fridom.

Billeder fra Vestkysten af Norge

Magdalene og Sunnmøre

Billeder representerer noko nytt i forfatterskapen til Magdalene Thoresen. Ho ville gjerne ha samla sine ”livsbilleder” til eit diktarstoff, men det låg for nær ei sjølvnyting, skreiv ho i brev til ei venninne, det ville ikkje kunne frigjerast frå kjenslebakgrunnen. Det var då nærare 30 år sidan ho forlet Herøy og Sunnmøre. Det å kome attende til Herøy prestegard må ha vore ei kjenslerik oppleving. Det var her ho møtte prosten som skulle bli ektemannen hennar, og som gav henne tilhøyrsla til embetsstanden. Dette gav henne òg inngangsbillett til å møte eliten i samfunnet og til å bli forfattar. Det hadde vore vanskelege val ho skulle ta i Herøy: ”Da jeg senere sad i den tause, ensomme Præstegaard mellem Havet og de høie Fjelde, da tabte jeg Modet (...) En grufuld Skæbne (...) Den Afgrund, som Tungsinet i min tidligste Ungdom (...).Skræk for Synden (...) da endte det omsider med en længere Sygdom”.¹⁴ Magdalene var gravid då ho kom til Herøy, og prosten fulgte henne attende til København i løynd. Der fødte ho ein son som vart sett i pleie. Ho kom så til Herøy att og gifte seg med prosten hausten

¹² Brandes i *Illustreret Tidende* Kbh. Den 22. April 1866

¹³ Nic. Bøgh op.cit s.234

¹⁴ Thoresen 1899:606

1843. I åra som hadde gått frå ho forlet Herøy i 1844 og fram til ho kom attende i 1871, hadde ho mist far, mann og to av sønene. Ho hadde fått avslag på stipend, ho var både elska og hata av kritikarar. Etter gjensynet med Sunnmøre i 1871, hadde ho motteke ein "hjemmedaab", seier ho sjølv, og mest alt ho skreiv etterpå var teke frå kystlivet sin kultur. Ein direkte oppfølgjar til *Billeder fra Vestkysten af Norge*, er *Billeder fra Midnatsolens Land*, som kom ut i to bind, i 1884 og 1886.

Billeder - eit kompromiss?

Magdalene måtte skrive sunnmørsreisa som ei reiseskildring i staden for ei sjelelivshistorie. Kjenslene kom i vegen, men det kan også tenkjast at det var andre grunnar, som økonomi. I 1867 kom ho ut med *Min Bedstemoders Fortælling*. Bjørnstjerne Bjørnson kjende seg foruretta, då han trudde seg karikert i boka, og han kutta venskapet med Magdalene. Ho fekk også negativ kritikk av andre, til dømes Kristiane Boeck sin "Kvindeprotest mot Fru Magdalena Thoresens siste Produkt: Min Bedstemoders Fortælling" i *Krydseren*. I 1870, vart skodespelet til Magdalene: *Et rigt Parti* oppført anonymt i København. Grunnen var at den negative kritikken kunne føre til manglande oppslutning frå publikum. Det kan tenkjast at Magdalene tok omsyn til dette då ho valde å skrive *Billeder* som ei reiseskildring. Dersom ho skulle vere personleg og privat om då ho budde i prestegarden på Sunnmøre, kunne ho risikere å bli slakta som umoralsk. Det var sår i livet hennar som ikkje kunne hentast fram i lyset. Desse tidde ho med, men det er lett å forestille seg at reisa attende til Sunnmøre henta fram desse sterkare i minnet, sidan det var her ho opplevde både eit stort offer, som det var å måtte skiljast frå den førstefødde sonen, og på den andre sida høvet til å gifte seg over sin stand.

Magdalene har blitt kritisert for at ho jenka seg etter kritikken ho fekk, og at ho skreiv forsonande og dermed kritikarvennleg etter tida sine litterære krav til ei kvinne. Dette har ført til at ho vart klagd for ikkje å følgje sitt eige motto: å vere seg sjølv bekjendt. Som før sagt var ho avhengig av det lesande publikum, for å kunne brødfø seg og sine. Ho sende òg pengar til mor si i Danmark. Kanskje har vi gått glipp av eit sjelelivsbilete frå hennar hand, og eit vitnesbyrd om kvinnesynet som rådde på 1840-talet. I staden har vi fått eit bilete frå Sunnmøre, ei reiseskildring med ilagde folkelivsbilete.

Billeder skildrar stader på Sunnmøre kapittelvis: Stat, Herø, Legangerstranden, Volden, Ørstenvig og Bonddalen, Jørendfjord og Norangsdalen, Aalesund og til sist "Slutning". I kapitlet om Herøy er ho tilstades og attendeskodande, dei andre kapitla frå Sunnmøre ber preg av at ho er ein reisande som ser. Ho er reflekterande og har innleving i samfunnsforholda, som ho kommenterer på ein til tider moralsk oppdragande måte.

Billeder fekk eit nytt opplag i høve 80-års dagen til Magdalene i 1899. I forordet til denne skriv ho om når ho første gong kom til Sunnmøre i 1842, om den besværlege reisa, og førsteinntrykket av den mektige naturen. At livsfilosofien til dei innfødde: "En faar sjaa'n i Øgene" var noko ho kunne ta lærdom av. Som ho sjølv seier: "Ved efterhaanden at maale fast Syn med Uhyret, fortog Skrækken sig, og jeg var frelst. Men det er sandt: jeg var og med det Samme bunden af det – hugbunden, som det hed, og jeg kunde fra nu af hverken føle eller

tænke uden i Samklang med denne mægtige Natur.”¹⁵ Dette er eit døme på kor djupt naturen og folkekarakteren på Sunnmøre rørte henne. Dette møtet får sitt uttrykk i diktet *Tilegnelse* eller *Til Søndmør* og er det første som møter oss i *Billeder*. Diktet er ein hyllest til Sunnmøre. I folkeutgåva frå 1904 er gjengjeve 26 strofer (originalen frå 1872 har 28 strofer) der ho i første verseline gir uttrykk for tilknytning: ”Du som mig gav, hvad naadig Gud beskjærte: Et *Landego* midt i min Skjæbnedyst” (uthevinga er hennar eiga). I siste verseline gir ho uttrykk for takksemd: ”Tak for den korte Hvile ved Dit Bryst – der fik min Ungdom sine bedste Drømme”.¹⁶

Embetsverk og allmuge - tidene skiftar

I kapitlet om Stad skriv Magdalene om Heilag Olav si framferd for å kristne Noreg. Han brukte vald i allkjærleiken sitt namn då han tvangskristna allmugen. Men, seier ho, han visste kva han gjorde. Han visste at den mann som naudtvungen bøygde kne for kyrkja, han ville litt etter litt bøye hjartet for Gud, fordi alt her på jorda har si byrjing i det utvortes. Vikingen sitt livsprinsipp er å våge og vinne. Ein mild konge som snakka om ein ny mild Gud, ville ikkje hatt nokon klangbotn på denne tida. Ved kristendommen si innføring skulle naturkreftene sigre med den nye Guds hjelp ilag med deira eigne sinn.

Magdalene kontrasterer i *Billeder* vikingtida med opplysingstida. Ho omtalar fleire prestar som nyttar list og lempe i omgang med allmugen. Men i motsetning til Heilag Olav, visste dei ikkje kva dei gjorde, fordi dei var i utakt med tidsånda: den humanistiske danning, og føresetnader som denne gav i møtet mellom presten og allmugen. Magdalene gir her eit vitnesbyrd om at møtet mellom embetsverk og allmuge skiftar med tidene.

Misforhold mellom prest og meinigheit

Magdalene gjev sitt syn på folkeliv mot akademisk danning i relasjonen mellom prest og kyrkjelyd. Ho omtalar folket som naturmenneske, og seier at utviklinga deira var avhengig av presten fordi kyrkjelydsforholdet i slike avsondra bygder var det viktigaste, og samfunnsforholdet det underordna. Her snakkar Magdalene spesielt om Hjørundfjord, som ho påstår har ei mørk prestehistorie, der individet har gått til grunne i åndeleg spenning, i kamp med naturen eller utan kamp i motlaus underkasting. Det var eit misforhold mellom prest og kyrkjelyd, dette skuldast ikkje prestens karakter åleine, men tidsånda. Presten kom frå den akademiske bane og inn på den ”snevre sti”. Han kjende seg som eit vesen av ein annan art, difor vart han einsam med si danning.

Magdalene skuldar ”den klassiske humanitetslære”, som ho kalla det, for dette, men ho kastar ikkje vrak på kunnskapen, for kunnskap er naudsynt som grunnlag. Det er ”tilegnelsen” det kjem an på seier ho. Det som Magdalene kallar ”den klassiske humanitetslære”, kan synast å vere den rasjonelle opplysingstida si lære, som blir for kald og framand for bonden sine livsvilkår. Dersom kunnskapen gjer mennesket framandt for seg sjølv, fører det han bort frå det humane; ”den sanne humanitet”, fordi det humane ligg i det opprinnelege, seier ho (sjå s

¹⁵ Thoresen 1904:II-268

¹⁶ *Til Søndmør* av Magdalene Thoresen

10). Magdalene saknar det varme hjartelaget: ”Det tause spøragsmaal, som nu i Menigheden stilles til Præsten er ikke: har Du haud eller laud; men: har Du Hjertelag til at drages med mig i min Umodenhed, og har Du dannelse paa saadan Maade, at jeg kan være med Dig og lære af Dig; thi jeg skjønner jo nok, at jeg skal fremad; men jeg magter ikke at gaa efter Ordet alene, jeg maa ha` det for mig i et levende Menneske, da forstaar jeg det bedst. –Men Kjære! Vær ikke fornem, thi da bli`r jeg sky og gaar afvejen for Dig. – Dog Staten følger jo sit Prinsip, Ordenen tør ikke brydes, det var at bryde Retten – og tabe Magten.”¹⁷ Med andre ord meiner ho at staten er ein prinsippryttar, som er redd for å misse makta. Ho seier vidare at dersom presten ikkje kan bringe det lyse syn på Gud og livet, har han ikkje godheita sin heilage flamme i sjela, og vil sjølv bli bygt inn i is-kyrkja og forgå ilag med dei andre.

Presten Jacob Jensen Bandsbild

Magdalene tek med eit døme på ein prest som ikkje har det rette hjartelag. Jacob Jensen Bandsbild var prest i Hjørundfjord gamle stavkyrkje på Sæbø. Eit epitafium i kyrkja fortel at han ”salig hensov 1733”. Bandsbild var ein stridig prest som døydde som helgen. Magdalene skriv at det vart gjort ein reparasjon i Hjørundfjord kyrkje, og då fann ein fleire balsamerte lik. (Når dette vart gjort skriv ho ingenting om.) - Bandsbilds lik låg uendra som om han nett var innsovna, medan dei andre lika var meir eller mindre samanfalne. Dette synet oppfriska Bandsbilds saga, som no levde jamsides med forteljinga om det balsamerte liket.

Vi ser her likskapen mellom Heilag Olav og presten Bandsbild. Heilag Olav hadde òg eit godt bevart lik, til og med levande, då negler og hår vaks i grava. Bandsbild si levetid er lenge etter reformasjonen, og historia hans er eit døme på at katolske sæder fortsatt rådde i kristenlivet på Sunnmøre. Men historia hans er òg eit døme på ein prest som heilt manglar pastorale kvalitetar og som blir tilgjeven dette fordi han er så veltalende når biskopen kjem på visitas.

Sagnet fortel at Bandsbild var i uavbroten strid med seg sjølv. Han hadde ein demonisk natur og ingen som var kring han, fekk fred, kona måtte la seg skilje, men dottera vart igjen med faren. Ein dag befalte han drengen Arne om å drukne dottera ut på djupaste fjorden. Arne var snar om å få henne i skjul. Han fann eit trestykke for å henge klea hennar på, batt ein stein til det og fekk senke det ut på djupet, medan presten stod opp på rommet sitt og såg til at det blei gjort. Etter fire dagar viste dottera seg for han att.

Bandsbild vart til slutt klaga inn for biskopen, etter at han hadde slått sund kyrkjeklokka i reint vanvidd. Klokka hadde ein slik fager klang og var til stor glede for meinigheita. Biskopen kom og Bandsbild skulle avlegge prøve for han. Men Bandsbild var vekk, det blei leita og spurt etter han både ute og inne. Biskopen førebudde seg på å halde preika sjølv. Men på slutten av siste salmeverset før preika sprang døra opp med eit brak og presten steig inn i fullt ornat. Han steig opp på preikestolen og bad biskopen gi han eit tema å preike over. Og då dette vart gitt, ”udviklede han dets Betydning med en saadan Veltalenhed og højtydelig Salvelse, at Biskoppen sad som forstenet af Overraskelse”¹⁸.

¹⁷ Thoresen, 1904: II-382 (26)

¹⁸ Op.cit., II-386

Etter dette var det ingen som torde å klage på han, dei forstod at det ikkje nytta. Bandsbild hadde gjeve vink om at han åtte ei viss bok der ein kunne lese litt meir enn eit fadervår. På dødsleiet kom nabopresten for å gje han sakramentet. Det vert fortalt at Bibelen brått sprang opp og sjelesørgjaren utbraut: ”Om ikke flere end tre Sjæle blive salige,- sandelig Broder, da er Du en af dem!”¹⁹

Vi ser her eit døme på misforholdet mellom meinigheit og prest. Meinigheita er overtydd om at dette er ein vond prest, ein som dei er redd og som dei bed om hjelp til å bli kvitt. Biskopen opplever ein ulydig prest som ikkje er der sjølv om autoritetar kjem, men talegavene til Bandsbild og hans eksegeese gjer at biskopen tilgjev han, og når autoriteten meinte det, nytta det ikkje kva folket sjølve meinte. Dessutan var Bandsbild i stand til å gjere ”godt att” kvar gong han hadde gjort gale, slik at folket blei lurt til å tru på ei endring til det betre.

Magdalene meiner at misforholdet mellom prest og meinigheit var ei følgje av ”den klassiske humanitetslære”, fordi den sjølv i si reinaste lære hadde stått fram på ein umenneskeleg grunn. Vidare seier ho at ”mennesket” i hine tider var eit uforståeleg omgrep, før kristendommen med sitt strenge akademi gjorde mennesket sin karakter til ”den sanne humanitet”. Kva som ligg i dette utsagnet, er eg ikkje viss om. Det kan oppfattast som ein kritikk mot opplysingstida sine ideal: Rasjonalismen, som Magdalene såg som ein arvtakar til ”den klassiske humanitetslære” frå antikken. Ho såg dette som eit kunnskapsideal som gjekk på bekostning av kristendommen sitt ideal: som set kjærleiken til medmennesket fremst. Ein kan hevde at dette står i eit motsetningsforhold til prestane i opplysingstida som var praktiske hjelpeprestar: Potetprestar.

Historia om Bandsbild er òg ei avbilding av eit tidsforhold. Magdalene meiner at han hadde passa betre som høvding enn prest på grunn av den sterke herskartrongen hans, han passa betre til eit liv på hærtog i kamp med blodig øks i hand.

Men Bandsbild er historie. No (1871) rår ein annan prest som Magdalene hyllar med eit ”Herren vere lova”. Han framstår i ei ånd av ”sann humanitet”: ”Her arbeider nu i Jørendfjorden en frejdig Præst med Livsmod og glad Fortrøstning, og Menigheden fylker sig om ham i Jevnsideshed”.²⁰ Hustrua tek kvinnelege konfirmantar i heimen og gjev dei råd og lærdom. Men, seier ho, dei fleste gløymer det igjen. Til dette svarer presten at dersom du kan vinne to til det betre, om du så har arbeidd i ti år, skal du vere glad, for då er der framgang.

Av dette kjem fram at Magdalene meiner at der er eit skakt skilje mellom det akademiske og det folkelege i tidsånda, men dette kan bøtast på dersom presten er vis nok til å møte folket på ein måte som dei forstår, på eit sant menneskeleg vis. I *Billeder* har Magdalene gitt Bandsbild stor plass. Truleg gjer ho dette av di det var eit stort skilje mellom prest og allmuge, og Bandsbild speglar dette på ein heilt ekstrem måte.

Karakteristikk av bonde og prest

Prestane hadde sans for både det vakre og det nyttige. Magdalene skriv om Herøy prestegard. Her seier ho at prestane har planta og dyrka, og prestegarden står fram som ein blomstrande

¹⁹ Op.cit., II-386-387 (27)

²⁰ Op.cit., II-389 (28)

hage i eit elles karrig landskap. Vidare seier ho at prestefamilien er gode føregangsfolk for sivilisering. Magdalene snakkar irettesetjande om bøndene i Herøy: Der er ingen skogsvekst og eit ringt jordlag. Dei godtruande bøndene påstår at tyskarane herja og brende dei store furuskogane på grunn av misunning over landet sin rikdom. Magdalene seier om dette at den nordiske tradisjonen jamfører skam og skade med namnet tyskar, men legg til at denne vandalismen mot naturen må dei skulde seg sjølve og sine eigne vandalar for. Det vert fortalt om skipsverft frå tidlegare tider inne i fjordane. Magdalene konkluderer med at alle, også bøndene har skoga, men ingen har tenkt framover og planta nytt etter hogsten.

Ho skriv om sjelevandringshistorier og tek med at når menneske omkom på havfisket og liket ikkje blei funne, var dei pårørande redde for at dei låg der utan velsigning. Dei trudde då at sjelene vandra kvileause omkring inn til der blei halde liktale eller fredlysing over den døde. Prestane ser ikkje ut til å ha gjort særleg motstand mot denne folketrua. Det har nok samanheng med at tradisjonen fortel at bøndene aldri vil ut med skillingen og at prestesekken aldri blir full. Dette har ført til misbruk og lagt seg i vegen for kulturen. Magdalene omtalar her eit døme på prestelist som gir eit bilete på denne karakteristikken. Historia er frå Herøy i 1770, gjengitt i Ludvig Daaes samling av ”Norske Bygdesagn”²¹: Mange menneske omkom på havet, og då etterkomarane ikkje viste teikn til å tinge sjeletalar for dei døde, for slik å dra omsorg for sjelene, fekk presten ein idè. Han fanga krabbar og batt ein lysestump til kvar, tende på og slapp dei laus på kyrkjegarden. Der kraup dei omkring i mørket som små vandrane lys mellom gravene. Han viste synet til klokkaren og eit par kyrkjelydsfolk, slik at dei skulle vitne om korleis dei forulykka vandra om og kravde sin rett frå dei gjenlevande. Det varde heller ikkje lenge før slektningane tinga sjeletalar. Og presten som var i pengenaud, vart nøgd.

Det vart slutt på sjelemesser etter reformasjonen, men dette er eit døme på det motsette. Magdalene skriv at etter reformasjonen blei heile det katolske biletapparat att i kyrkjene på Sunnmøre. Det vart umogleg for det naturlege menneske å leite seg fram til ”skuet” av den usynlege Gud i hjartedjupet med hærskaren av troll, englar og helgenbilete kring seg. Vidare skriv ho at det er først i notida (1871) at dei eigentlege protestantiske kyrkjene er reiste, som kan gi åndsinnhaldet ei form. Av dette kjem det fram at Magdalene nok ser ein stor skildnad på ”no” og då ho budde her på 1840-talet, også i Herøy. Den gamle steinkyrkja frå mellomalderen var riven i 1859 og ei ny trekyrkje sett opp.

Bonden - det dobbelte virke

Magdalene skil mellom fjordfolk og kystfolk; bonde og fiskarbond. Sunnmøringen er vist til «det dobbelte virke», på land og sjø. Han tener to herrar; den eine får venstrehanda og den andre får høgre. I Herøy er det sjølivet som får høgrehanda, og jordbruket venstre. Å stelle jorda blir eit pliktarbeid og utbyttet er deretter. Havet er det som fristar. Herøyværingane har vikingens livsprinsipp: Å våge og vinne. Namnet Herøy (då Herø) kjem av ”herresete”, skriv ho, frå den tid då heile Sunnmøre var eit einaste stort vikingreir.

²¹ Op.cit., II-307

Leikong, som berre er ei knapp mil unna, men ligg lunare til på innsida av Gurskøya, dannar ein overgang frå øyliv til fjordliv. Her er og det dobbelte virke, men motsatt. Her får landjorda høgrehanda og sjøen den venstre. Dette gir eit anna livspreg; her er det munterheit og lunheit som rår. Livet her er lyssida av livet i Herøy, ikkje motsetninga.

Inne i fjordane rår ei større ro og sikkerheit. Det dobbelte virke førekjem også her, men verforholda er meir stabile, og ein kan i større grad forutsjå kva som kjem, og dra lærdom av det: "Legge Naturen i Lænker"²². Volda er eit hovudsete for dei såkalla kondisjonerte, seier ho, med smukke bygningar og hagar som gir eit "støvdrag", som ho kallar det, av bylivet, og er eit av sivilisasjonen sine lyspunkt i desse områda. Men, det er ført noko hit, som driv det naturlege ut av sitt rette gjenge, og som kan føre til at bonden står fram med meiningar, men manglar evne til dom. At kulturforholdet har forhasta seg, og hoppa over visse utviklingstrinn. Ho forklarar dette med at det kanskje har sin grunn i at det på fleire stadar i fjorden har vore ein levande handelsforbindelse med utlandet på slutten av seksten- og syttenhundretalet. Då var det fleire sagbruk og utskiping av trelast til Holland og Skottland. Dette resulterte i eit kraftig oppsving i kulturen som var kortvarig og etterlet ein stillstand, men seier ho, eit kulturstadium går ikkje tapt: "Hvor Noget har været, kommer Noget igjen".²³ Her er det tydeleg at Magdalene er tilhengar av framskritt og sivilisasjon.

Bonden, forkultivator for vitenskap og diktning

Magdalene viser likevel ei tru på folkedjupet. Ho hyllar bonden sin forskartrøng. Den menneskelege ånda har villa forklare alt og bonden sine erfaringar har utgangspunkt i denne viljen, meiner ho. Dette er erfaringar som mennesket gjennom årtusen har kome fram til, og som no dannar grunnstøttene i naturvitskapen. På den andre sida, er det også bonden som i sin iver for å forstå, og i si uvitande barnetru på det overnaturlege, har skapt sagnet og fabelskikkelsane som diktinga spring ut frå.

Slik held Magdalene bonden sine erfaringar som opphavet både til naturvitskap og diktning. Embetsmannen si rolle blir underforstått berre ein maktinstans, ein utøvar, det er bonden som er den skapande.

Embetsmann og autoritet

Kultur og sivilisasjon var positivt lada omgrep, då som no. Enkelte stadar hadde høg prestisje på grunn av velstand og status. Nordøyane; nord for Ålesund, er eit eksempel på dette. Desse øyane er meir knytt til innlandet enn Sørøyane, og har difor kome lenger kulturelt sett. I høve innlandet og kulturen nemner Magdalene "den mærkelige Sproggransker" Ivar Aasen, og at den første høgskule er reist her. Ho nemner òg sagnsammlaren Peder Fylling. Sørøyværingane kan dermed dra nytte av og lære av kulturen der. Det er den største sommarglede for ungdommen frå Herøy å dra til Giske i håp om å finne seg ektemake.²⁴ Nordøyfolket har lagt seg til ein unik talemåte; halvemålet: Dei set h framfor ein vokal, og tek vekk h der den er: "Ho Hægtestand du øist lyksalig hest!" Denne talemåten tok Søre Sunnmøre etter 80- 90 år

²² Op.cit, II-326

²³ Op.cit., II-330

²⁴ Op.cit., II-425

attende (1780-90). Men nordøyfolket har inga beundring for sørøyfolket; dei er sleske og snakkar folk etter munnen. Her forsvarer Magdalene sørøyfolket. Ho seier at det er noko sant i det, men at det er forståeleg. Sunnmøringen frå sørøyane er ualmindelig fredsommeleg, medgjerleg og velmeinande, og der han gjer seg litt for blid, er det ikkje eit trekk av naturen, men av kulturen. I naturen er han modig, uthaldande, og med lyst til havet sine eventyr. Men han heng mykje mindre fast i kulturen.

At sørøyfolket snakkar folk etter munnen, meiner Magdalene har sin grunn i at embetsstanden hadde ei så imponerende myndigheit at folket måtte bli feigt. Sunnmøringen har sett og merka seg at dei kondisjonerte med sine like har utvikla eit avlept vesen og blidt ordlag, men i kvardagsspråket er det annleis. Det er folket med ”den humanistiske danning” han har villa gjere seg etter, seier ho. Men hadde han møtt den ekte humanitet (den sanne kristne), som ikkje er egoistisk, men sant menneskeleg, då hadde han lært å få betre forstand på sitt verde. Det er ein forferdeleg smitte i samfunnet, at mennesket sig og stig i sjølvkjensle ettersom beundring eller ringeakt er luftdraget han pustar i. Ho avrundar med å konstatere at danning visstnok er det einaste middelet til utjamning.

Avslutning

Eg vil her samanfatte det eg har funne i tråd med problemstillingane. Magdalene viser til tider ei intuitiv forståing framfor det analytiske resonnement. Dette kjem særskilt fram i omtalen av regionale skildnader på Sunnmøre. Magdalene set bønder opp mot embetsmenn ved at ho vekselvis hyller/ iretteset dei. Ho kan vere vag og ha eit blomstrande språk, og enkelte synspunkt kan synast kontradiktoriske, som til dømes når ho skriv at ein skal bli i den standen ein er fødd inn i, versus hennar eige ynskje om å endre stand. Det ho kallar ”den klassiske humanitetslære” i kontrast til ”den sanne humanitet”, kan også vere utfordrande. Men *Billeder* er verken ein sosiologisk studie eller ein topografisk rapport, det er ei kunstnarleg skildring av stadar og folkeliv på Sunnmøre.

Når det gjeld spørsmålet om kva Magdalene egentleg ville med boka, skriv ho i brev at ho gjerne ville samle *sine livsbilete* til eit diktarstoff. Ho søkte stipend i 1860-åra for å dra attende til Sunnmøre for å skrive sine *Billeder*, men fekk avslag. I 1871, 27 år etter at ho drog derifrå, blei reisa mogleg for henne. Men stoffet sat for fast i sjølvnytinga, kjenslene kom i vegen. Ho hadde få år tidlegare fått gjennomgå for å ha skrive om ei kvinne sitt begjær til ein gift mann i ”Min Bestemoders Fortælling”. Ho var enkje og var avhengig av ein lesarskare. Dersom ho skulle ”vere seg sjølv bekjent”, og skrive sjølvbiografisk sine livsbilete frå Sunnmøre, er det sannsynleg at ho ville miste publikum. Tida var ikkje moden for at kvinner kunne skrive om sine levde liv rett fram. Dette kan vere grunnen til at ho valde å gå ein annan veg, skrive annleis enn ho tidlegare hadde gjort. Dette viser og hennar mangfald sjangermessig. Det er ikkje dermed sagt at ho ikkje var seg sjølv bekjendt. Det er ingen krav for å vere ærleg at ein skal seie alt, sjølv for ein ”kjendis”. Men ho blei i samtida kritisert for ikkje å vere oppriktig om forhold i hennar liv som kunne sette ho i eit dårleg lys. I biografien sin skriv ho ”Jeg har aldrig svigtet min Sag. Og skal det til min sidste Stund være min Stolthed! At være mig selv bekendt”.

Magdalene sitt syn på bondeallmugen, er tvifaldig. Ho kan synast å vere både irettesetjande og audmjuk. Ho omtalar bonden som naturmenneske som treng opplysning, samstundes som ho hyllar han for å vere opphav til både dikting og vitskap. Ho skil mellom innlandsbønder og fiskarbønder. Her kjem det fram regionale kulturskildnader. Til dømes mellom sørøyane og nordøyane. Nordøyane er nærare knytt til innlandet og difor har dei kome lenger kulturelt, i den forstand at dei var overlegne både åndeleg og materielt. Sørøybuen blir av nordøybuen sett på som slesk og snakke folk etter munnen, han hermar til og med etter halvemålet som nordøybuen har lagt seg til. Magdalene har ei forklaring på dette som viser at sørøybuen ser framover. Embetsstanden viser ei slik makt og mynde, seier ho, at for å bli respektert må ein kunne kodene i språket. Den einaste måten å bli høyrte på og kome seg oppover i samfunnet, er å kunne uttrykke seg på same vis som dei som har makt; dei kondisjonerte og dei med humanistisk danning. Magdalene grunnleggjv altså dette fenomenet med at sørøybuen ville opp og fram. Ho ser ein samfunnsmessig vekst i dette, og difor er det godt.

Magdalene skildrar møtet mellom embetsmenn og bondeallmuge. Ho ser eit misforhold mellom dei og skuldar tidsånda for dette. Ho grunnleggjv dette misforholdet med skildnaden mellom det folkelege og det akademiske. For dersom presten ikkje har det sanne hjartelag, eller den sanne humanistiske danning, kan han ikkje nå ut til folket. Ho skil mellom ”den klassiske humanitetslære”, som ho meiner har eit misforstått bilete av eit menneske, ei lære framstått på umenneskeleg grunn, og den kristne humanitetslære som er ”den sanne humanitetslære”. Dette kan forståast som at ho skil mellom kunnskapen om Gud og mennesket, og kjennskapet til Gud og mennesket. Kunnskap er basert på tørre fakta, kjennskapet går djupare. Å formidle kunnskap utan å ha kjennskap eller det rette hjartelag er fånytt. Utfrå hennar utsagn om ”den klassiske humanitet” versus den ”kristne humane danning”, kan det synast som om ho ser på bonden meir som ein (”kristen”) viking; han har ikkje ”den klassiske humanitet”, som eg før har samanlikna med rasjonelt opplysningsideal, men heller ikkje den ”sanne kristne humanitet”: Dette er det presten som må formidle, slik at bonden blir kvitt gamal overtru. Eit døme på dette misforholdet gir ho i presten Jacob Bandsbild, som ligg under for naturkreftene i sitt eige sinn, og difor ikkje kan vise den sanne humanitet. Her er òg eit døme på eit patron-klient-band mellom Bandsbild og tenesteguten Arne. Til dette seier Magdalene at naturar som Bandsbild vil alltid ha ein som er lojal og høgrehand i tjukt og tynt.

Magdalene kom frå bondeallmugen på farssida, med anar til gamal adel. Dette kan ha påverka Magdalene til å gjere ei klassereise. Ho ringeakta ikkje bondestanden, men hata det urettvise skiljet som stendene skapte. Ho ønskte å bryte skranken, skriv Tshudi. Dette kan forståast slik at ho ville arbeide for utjamning, eller at ho ville heve seg over dette skiljet. Ho er irettesetjande til både embetsstand og bønder/ allmuge. Ho framhevar kunnskap og opplysning, men dette må gjerast med det rette hjartelag.

Eg ser det slik at Magdalene hadde evne til å sjå både bondestand og embetsstand til ei viss grad frå både innsida og utsida. Ho vaks opp i eit fattig småborgarskap, i og med at foreldra var sjølvstendig næringsdrivande. Men dei kom frå bondeslekt som hadde adelsblod i årane. Dette kunne verke frigjerande på tanken. ”Der noget har været, kommer noget igjen”. Ho fekk

kjenne skildnaden mellom stendene då ho var i København, der dei nekta seg heime når ho kom på besøk. Det var sannsynlegvis overklassa sine døtre som gjekk ilag med henne på lærarskulen. Då Magdalene gifte seg med prosten, fekk ho til ei viss grad tilhøyrsløse til embetsstanden.

Var ho ein framand? Ho var ein framand i den forstand at ho i Norge vart sett på som dansk forfattar og i Danmark som norsk. Dette var ein av grunnane til at ho fekk avslag på stipend heilt til i sine siste år. At ho kjende seg framand i den forstand at ho ønskte å høyre til i ein bonde- eller embetsstand, trur eg ikkje. Ein kan seie at ho var ein meritokrat, men det er heller ikkje dekkande. Eg meiner at Magdalene greidde å bryte skranken, fordi ho hadde eit våpen: kunsten. Ho viste tidleg talent for diktekunst og teater, men det var sjølvstykke ikkje nok for å kome seg oppover. Men ut frå habitus, hennar disposisjonar frå barnsbein til handling, greidde ho det utrulege: å heve seg over stendene, å sjå kva som er viktigare. Kanskje kan ein seie at ho kjempa heile livet for tilhøyrsløse; til land, til stand, til menneske. Likevel går det an å seie at ho kjempa for det motsette; å fri seg frå tilhøyrsløse, fordi det er hjartet det kjem an på. Dette pregar også *Billeder*, at folket på ein plass har si tilhøyrsløse til staden og er eit offer for naturkreftene gjennom si sjelelivstru. Dette gjer at gamal overtru får leve og stenger for ny kunnskap og innsikt. Det gjer at mennesket går i frykt for djevelen i staden for i kjærleik til Gud og at dei treng ein prest som har både kunnskap og hjartelag for å kunne utvikle kulturen.

Dette ser vi i korleis Magdalene skildrar den nye presten som er vis nok til å møte folket på ein måte som dei forstår, som eit sant menneske. Men kunnskap og talegaver som hjå den demoniske Jacob Bandsbild eller prestelist som hjå dei grådige prestane, har ho berre negativt å sei om. Om allmugen er ho for det meste positiv bortsett frå at dei sit fast i gamal overtru, eller er kunnskapslause slik at dei ikkje kan ta i bruk ny kunnskap. Kanskje er dette eit paradoks når opplysingstida sine prestar, ”potetprestane” skulle fremme folk sin kunnskap om nye måtar å livberge seg på. Dette paradokset kan kanskje forklarast ved at Magdalene er meir intuitiv enn analytisk i *Billeder*. Og kanskje kan ein grunn til det intuitive også vere at ho var ung prestefrue hjå prost Thoresen som via si folkeboksamling og si avgjort pastorale innstilling til prestegjeringa må ha prega hennar syn på den ideelle prest. Men skulle ho dra dette meir personlege inn i *Billeder*, ville ho ikkje ha klart å ha nok avstand til understraumar i eige sjeleliv.

Kjelder og litteratur

Anker, Øyvind: 1969 "Anna Magdalene Thoresen" i *Norsk Biografisk Leksikon*, b.XVI. Oslo

Bergsøe, Clara: 1904. *Magdalene Thoresen. Portræstudie*. Gyldendalske boghandel, Nordisk forlag.

Brandes, Georg: 1866 "Magdalene Thoresen" i *Illustreret Tidende* Nr. 343, Kjøbenhavn den 22. April

Bøgh, Nicolaj, *En karakteristikk ved Nicolaj Bøgh*, Handskriftafd. Ny kgl. Saml. 2875 4^e. Det Kongelige Bibliotek. København

Modne Frugte. 1887, (Strøtanker, div. forf., Lokalhistorisk arkiv, Fredericia). Kjøbenhavn.

Thoresen, Magdalene: 1899 "Danske Forfattere VI: Magdalene Thoresen" i *Illustreret Tidende* nr. 36. 4. juni 1899

Thoresen, Magdalene: 1872 *Billeder fra Vestkysten af Norge*. Kjøbenhavn, Forlagt af den Gyldendalske Boghandel (F. Hegel)

Thoresen, Magdalene: 1904 *Romaner og Fortællinger*, Bind II. Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag

Tschudi, Clara: 1898 "Magdalene Thoresen" i *Silhuetter*. Gyldendal

Ørstavik, Beate Moltubakk: 2012 *Magdalene Thoresen og Sunnmøre. Forfatter blant embetsmenn og bønder*. Upublisert masteroppgåve i Kultur møte. Høgskulen i Volda.

Aasen, Elisabeth (red.): 1994 *Fra Midnatsolens Land og andre fortellinger*. Eide Forlag